



## HANDGJEVING - INDUSTRI- OG NÆRINGSTOMTER, SAUNESMARKA.

1. Søknad om handgjeving av tomteareal skal skrivast på fastsett skjema, der søkjar informerar om kva for planar ein har for utnytting av tomta.
2. Tomteareal vert - etter søknad - handgjeve etter administrativt vedtak ved rådmannen, eller den rådmannen delegerar mynde til.
3. Arrondering av tomtearealet, med førebels fastsetting av storleik på tomta og plassering innanfor dei regulerte tomteområda, vert avgjort i handgjevingsvedtaket.
4. Industriotomter kan *handgjevast* (reserverast / gjevast opsjon på) til interessentar i eitt år om gongen, utan økonomiske bindingar.
5. Det er høve til ytterlegare forlenga handgjeving, med inntil to nye år, etter grunngeven søknad. Lenger handgjevingstid enn dette krev politisk handsaming i formannskapet.
6. Kommunen reknar ein handgjeven tomteparsell som ledig dersom det ikkje er søkt skriftleg om forlenga handgjeving eller tildeling av tomta før gjeven tidsfrist for handgjevinga av tomta går ut.
7. Dersom fleire søker om handgjeving av den same tomta samstundes, dvs. at søknaden er innregistrert same dag, vert det trekking mellom søkjarane. Trekkinga vert utført administrativt, der minst 3 personar er tilstades og signerar dokument for rett trekking.
8. Dersom nokon søker om *tildeling* av ei handgjeva tomt, får den som har tomta handgjeva 4 veker på seg til å sjølv søkje om tildeling av tomta, og gjennomføre kjøpet på vanleg måte.
9. Saker som administrasjonen vurderar som prinsipielle, vert lagt fram for formannskapet for handsaming.
10. Klageorgan for administrative vedtak er formannskapet.
11. Klageorgan for vedtak i formannskapet er kommunestyret. Vedtak i kommunestyret er endeleg og kan ikkje påklagast vidare.

Ulsteinvik, 23.11.2005.



## TILDELING - INDUSTRI- OG NÆRINGSTOMTER, SAUNESMARKA.

1. Søknad om tildeling av tomteareal skal skrivast på fastsett skjema, der søkjar informerar om kva for planar ein har for utnytting av tomta.
2. Tomteareal vert - etter søknad - tildelt etter administrativt vedtak ved rådmannen, eller den rådmannen delegerar mynde til.
3. Arrondering av tomtearealet, med endeleg fastsetting av nøyaktig storleik på tomta og plassering innanfor dei regulerte tomteområda, vert avgjort i tildelingsvedtaket.
4. Kjøpesummen er den som til ein kvar tid gjeld på tidspunktet for tildeling.
5. Kjøpesummen forfell til betaling innan 3 månader etter melding om tildeling er mottatt. Ved underskriving av kjøpekontrakt forfell kjøpesummen til betaling innan 1 måned.
6. Er kjøpesummen ikkje betalt innan 1 måned etter betalingsfristen, kan kommunen på fritt grunnlag tildele tomta til andre.
7. Kommunen ved rådmannen, eller den rådmannen delegerar mynde til, kan fastsetje andre betalingsvilkår i einskilde høve, og etter grunngeven søknad gjeve utsetjing med betaling – inntil 6 månader. Lenger utsetjing krev politisk handsaming i formannskapet.
8. Kommunestyret fastset nye tomteprisar, for justering.
9. Ved sal / overdraging av tomta vert skøytet deponert i bank. Skøytet kan eventuelt sendast til kjøpar direkte, dersom kjøpar ønskjer det. Føresetnaden er at tomta er betalt på førehand og at kjøpar sjølv står for tinglysing av skøytet.
10. Dersom fleire søkjer om tildeling av den same tomta samstundes, dvs. at søknaden er innregistrert same dag, vert det trekking mellom søkjarane. Trekkinga vert utført administrativt, der minst 3 personar er tilstades og signerar skjema for rett trekking.
11. Kjøpt tomt må nyttast til næringsføremål, dvs. med godkjend byggesak og oppstarta grunnarbeid, i samsvar med føresetnader, lover og vedtekter, innan 3 år frå signert kjøpekontrakt.
12. Det er høve til forlenga byggefrist, inntil to nye år, etter grunngeven søknad. Ytterlegare forlenga byggefrist krev politisk handsaming i formannskapet.
13. Dersom kjøpar av tomt ønskjer å selje / avhende tomta før bygg er oppført, har kommunen førsteretten til kostnadsfritt gjenkjøp til same pris, jf. kjøpekontrakt.
14. Saker som administrasjonen vurderar som prinsipielle, vert lagt fram for formannskapet for handsaming.
15. Kommunen søkjer om og handsamar frådeling av tildelt tomteareal.
16. Klageorgan for administrative vedtak er formannskapet.
17. Klageorgan for vedtak i formannskapet er kommunestyret. Vedtak i kommunestyret er endeleg og kan ikkje påklagast vidare.

*Pkt. 8 er endra i sak K 06/0082, møte 26.10.06 i kommunestyret, der formannskapet har fått delegert mynde til prisfastsetting.*

Ulsteinvik, 23.11.2005.

---

<i>Arkivsak nr.:</i>	<i>Reg.nr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Stad</i>	<i>Dato</i>
05/00926	010350/05	231 L 82	ULSTEINVIK	03.10.2005